

Lita skrift Melding

SIDEBLIKK

VED HOMPLAND OG DEI GODE HJELPESKRIVARANE HANS

Eit lenge varsla mord på Dagbladet

Ei skillingsvise om Berner og likbrenning, og om avisas kropp og sjel, ved ein av dei.

ANDREAS HOMPLAND
hompland@online.no

Dagbladet fyller 150 år omtrent på denne tida. Om dei siste tiåra i jublantens omskiftelege liv har Christine Myrvang og Martin Eide skrive *Alltid foran skjermen*, ei tjukk, veldokumentert og forvitneleg bok – i alle fall for dei som er spesielt interesserte i Dagbladet og medieutviklinga meir allment. Dei fortaper seg ikkje i gullpenar og dagbladmytologi. Soga om vegen mot undergangen handlar om det digitale skiftet frå papir til nett og mobil, og om den kreative destruksjonen av avis til kapital gjennom eigedomsavvikling.

JUBILEUMSÅRET for Aasmund Olavsson Vinje (1818–1870) er over. Han skreiv aldri i Dagbladet, for han var dødsjuk då bladet starta, men hans ande svevde over redaksjonen: Dagbladets grunnleggjar var den mangfaldige Hagbard Emanuel Berner, som også var med og starta Samlaget, Kvindesaksforeningen og Turistforeningen. Han høyrde til «Døleringen» av intellektuelle og opposisjonelle ungkarar som Vinje samla rundt seg. Då Berner nokre år tidligare gav ut *Vort Land*, kom Vinjes einmannsblad *Dølen* som kjellarvedlegg.

Dagbladet var meir einsynt enn tvisynt som kamporgan for Venstre-koalisjonen mot embetsmannsregimet. I mellomkrigstida blei avisa ei legering av høgkulturradikal fane og skandaleblad i laussal. Slik heldt det fram etter krigen til bladet frigjorde seg frå partibindingane og melde overgang til tabloid. Men sjela skulle vera den same.

Berner var også formann i Norsk Ligbrændingsforening. Det kan passa som merkelapp i ein minnetekst over det Dagbladet som har gått bort. Det finst mange statistar og redaktørar og avisutgreiarar som bipersonar, men berre éin i hovudrolla som slaktarmeister: Jens P. Heyerdahl.

JENS PALUDAN HEYERDAHL d.y. er ein merkeleg, mytisk



Jens P. Heyerdahl då han var konsernsjef i Orkla. Foto: Lars Aamodt / NTB scanpix

og sjølvtilslørt figur, ei schizofren blanding av sentimentalitet og kynisme. Han stammar frå ei solid og konservativ borgarslekt. Han eglar seg inn i Dagbladet gjennom kona og svigerfaren som høyrde til dei gamle Venstre-familiane i Oslo som var luteigarar og hadde

konflikatar. Heyerdahl og fela-gane hans skilde avisa frå eigedommane. Så parterte dei liket og selde Dagbladet som ei pølse i slaktetida til danske Aller med Se og Hør. Så kvitta dei seg med huset i Akersgata og andre eigedommar som var samla opp av dagbladsveitte. Heyerdahl for-

«Bukkevisa») er med i jubileumsboka. Ho er populær mellom Dagbladets pensjonistar, som nå er fleire enn dei som jobbar føre skjermene i kårstova i Allers hovudbøle mellom lagerbygg og kontor-kassar ved ei rundkøyring på Hasle.

Å oppfor ei tvenge og nedfor ein dahl, der budde dei karane som Dagbladet stal.

styrande tillitsverv av politiske grunnar.

Heyerdahl forførte den legendariske redaktør Arve Solstad og stod fram som idealistisk riddar i forsvaret av det uavhengige Dagbladet mot trugsmål utanfrå. Dette manifesterte styreleiar Heyerdahl med å kjøpa seg opp som hovudeigar på fordekt vis. Han skreiv opp aksjeverdien til det mangedoble og sikra eigedommar og ridehus for at avisa gjennom Berner Gruppen skulle ha fleire bein enn papir å stå på.

Etter finanskrisa og mislykka friarferder til aktuelle partnerar kollapsa konsernstyret i indre

sona seg med rivalen Torstein Tvenge då dei fekk felles barnebarn. Saman med assosierte lakeiar tok dei ut ekstraordinært utbytte på 1000 millionar.

Slik blei kulturell kapital transformert til private formuar gjennom eigedomsavvikling. Slik er nykapitalismen, også i dei retoriske godheitsvariantane.

FOR SPALTISTEN har Dagbladet vore eit hovudkappittel i arbeidslivet; han var ein deltakar. Derfor klarer han ikkje å vera distansert tilskodar til slakt og likrøving.

Då Jens P. Heyerdahl stilte seg opp ved høgsetestolen og heldt ein lovtale til seg sjølv på Arve Solstads 80-års dag, klarte eg ikkje å la vera å framføra ein tekst eg hadde mekka på. Sjølv om eg syng falskt, fekk eg forsamlinga med på refrenget. Jens P. Heyerdahl blei raud i toppen, men det skal han ha. Då han etterpå fekk teksten, mælte han: «Det var jo ei morsom vise.» Den humrande storoksen Solstad sa: «Du er ond, din jævla hestpeis.» Eg svarte: «Også det har eg lært av deg.»

DAGBLAVISIA (fritt etter

/: Å Dagbla var brokut, men slett ikkje blakk /:

Å Dagbla vart burte i ei Allernatt.

Killebukken min, ser du geita!

/: Den sleipe han leidde, den feite jaga på /:

Og så veit du fulla det, at Dagbladet laut gå.

Killebukken min, ser du geita.

/: Så toko dei Dagbla og la det på ein krakk /:

Den sleipe han heldt og den feite han stakk.

Killebukken min, ser du geita.

/: Å oppfor ei tvenge og nedfor ein dahl /:

Der budde dei karane som Dagbladet stal

Killebukken min, ser du geita.

/: Å vestanfor Dabladet hadde dei ei krå /:

der løynde dei pengan', både store og små.

Killebukken min, ser du geita.

/: Å Berner han hengde dei attum ei dør.:/

Der ha' det fulla hongt eit par eigedommar' før.

Killa bukken min, ser du geita.

/: Å Heyerdahl den yngre han kokte seg ein kål;

gjord' bånom sine mette med eit Dagla-lår.

Killa bukken, ser du geita.

Andreas Hompland er sosiolog og skribent.

Arkivert

Fotballpresidenten treng kvit stokk

Framsidedilvising til Sporten,
Dag og Tid, 5. januar 1989



BYRÅSJEFEN

Inkarnerer det sjølvmedvitne, regelstyrte og langsiktige som ber offentlig forvaltning i den norske modellen. Han er eit flogvit og ganske sta.



VERTINNA

Er som folk flest: Ho liker å klaga og syta over all dumskapen og har ei kvass tunge, men er velmeinande og god på botnen.



SPALTISTEN

Frå dalstrøka innanfor. Rural-sosiolog og urban journalist med hang til perfide formuleringar, løynde sitat og ymist anna.